



HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

ÅRSMELDING FOR HOVUDSTYRET 2022

Styret har hatt denne samansetninga i perioden

Leiar	Arild Even Lillebø Opsal
Nestleiar	Asgeir Bakke
Kasserar	Tone Anette Espe
Styremedlem	Øyvind Haugland
Styremedlem	Hans Inge Lien Vereide
Vara og medlemsansvarlig	Steven Johnsen

Haugen IL har hatt desse undergruppene

- Alpin
- Fotball
- Friidrett
- Langrenn

Møter

Hovudstyret hadde 9 møter i 2022 der nokre omfatta gruppeleiarane.

Representasjon

Haugen IL er partseigar i Harpefossen Skisenter AS, Eid Idrettspark AS og AL Vårtun.

Klenkarberget

Parkeringsplassen ved klubbhuset vart ytterlige utvida i 2022 etter utvidinga i 2021. Det blei investert i utstyr for lufting av grasbana samt skilt som skal settast opp til sommaren.

Klubbhuset

Bridgeklubben er tilbake i klubbhuset etter pandemien med sine spelekveldar på måndagar.

Søknad om spelemidlar til rehabilitering av klubbhuset er godkjent men midlar er ikkje tildelt. For å halde på plassen i søknadskøa blir søknaden fornya kvart år, også i 2022. Planen er å vente med rehabiliteringa til midlane er løyvde, men vi har gjort unnatak for naudsynt vedlikehald slik som det elektriske anlegget der det blei avdekka avvik i 2022.

Lysløypa på Tippasætra

Sommaren 2022 blei det inngått ei ny avtale mellom idrettslaget og grunneigarane for leige av grunn til lysløypa. Den nye avtalen er femårig. Årsmøtet for 2022 løyvde midlar til rehabilitering av brua over Kvandalselva, og grunneigar har gjeve løyve. Men under den årvisse synfaringa av lysløypetraseen tok vi ei ny synfaring av brua, noko som avdekka svikt i det eine brukaret. Dermed blei rehabiliteringa av brua ikkje oppstarta. I budsjetthandsaminga ber vi årsmøtet om midlar til å rehabilitere brua i 2023.



HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Synfaringa av traseen avdekka dessutan manglar som måtte utbetrast før sesongstart. Delar av traseen blei utbetra i samsvar med grunneigarane takka være Ove Mikal Haveland.

Eid idrettspark

Eid idrettspark er eit samarbeid mellom Haugen IL, Eid IL, Heia IL og Stad kommune. Idrettsparken, som ligg mellom ungdomsskulen og Eid Idrettshus, har kunstgras med undervarme. Driftsutgiftene blir fordelt etter bruk og fotballgruppa vår betalar om lag 15.000 kr pr år.

Harpefossen skisenter

Det blir lagt ned mykje arbeid på skisenteret og dugnad utgjer ein stor del av verdiskapinga. Turistløypa blei sist haust utstyrt med snøkanoner og lysmaster og såleis ferdigstilt til sesongen.

125 års jubileum

Laget hadde 125 års jubileum i 2020 men jubileet blei fyrst markert sommaren 2022, der bygda blei invitert saman med medlemmane til barsokfest.

Økonomi

Investeringar i anlegg på Klenkarberget og på Tippasætra samt investeringar i utstyr gav saman med utbetaling av Sommarcamp sine midlar eit underskot på kr 657 801,04. Her bør ein nemne at i kalkylen for innkjøp av utstyr blei det lagt inn spelemidlar og momskompensasjon som inntekt på om lag 600 000 kr. Søknad om spelemidlar er levert, momskompensasjonen vil følgje den ordinære årvisse momskompensasjonen og vil gå over fleire år i samsvar med avskrivninga.

Dessverre let budsjett og rekneskap seg vanskelig samanlikne grunna reglar for avskrivning.

Laget har god likviditet med ein eigenkapital pr 31.12.2022 på kr 1 886 710,55

Laget hadde 334 betalande medlemmar pr 31.12.2022

Vi takkar alle frivillige for den store innsatsen i 2022 og vonar på eit framleis godt samarbeid.

Haugen 21.03.2022

Arild Lillebø Opsal

Asgeir Bakke

Øyvind Haugland

Hans Inge Lien Vereide

Tone Anette Espe

Steven Johnsen (vara)